

Førde båtclubb

► **Detaljreguleringsplan Førde småbåthamn, gbnr. 21/595 mfl.**

Planomtale

Plan.id.: 464720200041

Oppdragsnr.: 52307881 Dokumentnr.: 001 Versjon: J01 Dato: 2024-05-15



Oppdragsgjevar: Førde båtclubb
Oppdragsgjevares kontaktperson: Ronny Østenstad og Magnar Sætre
Rådgjevar Norconsult Norge AS, Fjellvegen 11, NO-6800 Førde
Oppdragsleiar: Ane Marie Gjerland
Fagansvarleg: Ane Marie Gjerland
Andre nøkkelpersonar: Johannes Henrik Myrmel
Framsidede:

J01	2024-05-15	For bruk.	JoHM	AnMGj	AnMGj
A01	2024-04-09	Til intern bruk - disposisjon og innhald.	JoHM		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult Norge AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhører Norconsult Norge AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Forord

Norconsult Norge AS har på oppdrag frå Førde båtclubb utarbeid detaljreguleringsplan for eksisterande småbåthamn på Ytre Øyrane.

Planarbeidet vart starta av Byggmester Stølsvik AS i 2023. Bakgrunnen for planarbeidet er at kommunen har kravd detaljreguleringsplan, dersom området framleis skal kunne nyttast både som småbåthamn og kortidsoppstillingsplass for bubilar. I tillegg har kommunen sett fram ønskje/kravd at det langs fjorden vert sett av areal til framtidig turveg.

Planarbeidet byggjer på arealbruken i kommuneplanen og områdereguleringsplanen Ytre Øyrane. Arbeidet er vurdert til å ikkje verte fanga opp av verkeområdet til forskrift om konsekvensutgreiingar.

Planen omfattar:

- Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova.
- Planomtale som klargjer mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknadar i forhold til miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova. Resultata/funna i ROS-analysen er summert opp i kapittel 5.1 i denne omtala, og har gjeve føringar for utforming av planframlegget.

Plankartet er utarbeidd i Focus arealplan og kan eksporterast til SOSI-nivå 4.5, teikning nr. 52204931-001. Planomtala og planføresegnene er utarbeidd i Word.

I Norconsult Norge AS har arealplanleggar Ane Marie Gjerland og Johannes Henrik Myrmel gjennomført planarbeidet. Ronny Østenstad og Magnar Sætre har vore kontaktpersonar hjå oppdragsgjevar.

Innhold

1	Innleiing	6
1.1	Planområdet	6
1.2	Dagens situasjon	8
1.3	Kort om planprosessen	9
2	Planar og føringar for planarbeidet	10
2.1	Nasjonale forventningar	10
2.2	Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona	10
2.3	Lokale føringar – planstatus	10
3	Planframlegget	12
3.1	Vegsystem	12
3.2	Grønstruktur	12
3.3	Småbåthamn	13
3.4	Kombinert formål campingplass/småbåthamn	13
3.5	Arealbruk	15
3.6	Omsynssoner	16
3.7	Sikringssone - frisikt	16
3.8	Grense for støysoner	16
3.9	Faresone – flaum og bølge	17
4	Verknadar av planframlegget	18
4.1	Arealbruk og trafikk	18
4.2	Landskap	18
4.3	Naturressursar	18
4.4	Naturmangfald	18
4.5	Kulturmiljø	20
4.6	Nærmiljø/friluftsliv	20
4.7	Vatn, avlaup og overflatevatn	20
4.8	Renovasjon	20
4.9	Energi	20
4.10	Støy og forureining	20
4.11	Eigedomstillhøve og rettar	21
4.12	Økonomiske konsekvensar	21
5	Vurdering mot omsyn og føringar for planarbeidet	22
5.1	Risiko og sårbarheit	22
5.2	Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova	23
5.3	Prinsippa i vassforskrifta	23
5.4	Regimet for å ta vare på nasjonale laksefjordar	24

5.5	Statlege retningslinjer for forvaltning av strandsona	24
5.6	Økonomiske konsekvensar	24
5.7	Oversikt over avbøtande og risikoreduserande tiltak	24

1 Innleiing

Norconsult Norge AS har på oppdrag frå Førde båtclubb utarbeidd detaljreguleringsplan for Førde småbåthamn. Planområdet inngår i vedteken områdereguleringsplan for Ytre Øyrane (Plan-id.: 4647-143220130001).

Førde båtclubb har sidan 2019 lagt til rette for at privat areal regulert til og opparbeidd som småbåthamn, der føresegnene opnar for båttopplag/parkering - også skulle kunne nyttast til oppstillingsplass for bubil. Planarbeidet har til formål å vidareføre denne sambruken, samtidig som den sikrar areal til framtidig turveg gjennom området, langs fjorden.

1.1 Planområdet

Planområdet femnar om gnr. 21, bnr. 595, samt del av gnr. 21, bnr. 37, 485 og 546 på Ytre Øyrane i Sunnfjord kommune. Området er eitt av to område på Ytre Øyrane som er regulert til småbåthamn. Planområdet er på 19,2 daa og inngår i vedteken områdereguleringsplan for Ytre Øyrane (Plan-id.: 4647-143220130001).




Figur 1.1: Ortofot som syner avgrensning av planområdet.

Planområdet femnar om areal sett av til småbåthamn, merka VS2 i områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane. I sør-vest grensar planområdet til senterlinje framtidig veg. Vegen er regulert og sikra opparbeidd i områdereguleringsplanen Ytre øyrane.

Planarbeidet er grunna i at vidare bruk av arealet som oppstillingsplass for bubil føreset at sambruken vert avklara i reguleringsplan gjennom kombinert formål småbåthamn/campingplass.

Det ligg ikkje føre planar om utviding av bygningsmassen innanfor området.

Planen er sett saman av plankart med tilhøyrande føresegner. Planen regulerer både arealbruk og omsynssoner.



Figur 1.2: Kart med markering av endringar samanlikna med arealbruken i vedteken områderegeringsplan for Ytre Øyrane.

Tabell 1.1: Oversikt over endringar.

	Vedteken områderegeringsplan	Endring
1	Småbåthamn	Arealføremålet er endra til kombinert formål småbåthamn/campingplass. Noverande bruk er vidareført samtidig som det vert lagt til rette for korttidsoppstilling av bubilar.
2	Småbåthamn	Areal avsett til turveg langs fjorden er sett av ism. framlegg arealbruk i framlegg til ny kommuneplan. I vest er tilslutningspunktet tilpassa regulert turveg vidare utover på Ytre Øyrane.
3	Friområde og turveg	Turvegen er vidareført og avgrensar friområdet.
4	Pil som markerer tilkomst	Tilkomsten er regulert med tilhøyrande frisktsoner.

Planføresegnene er tilpassa den kombinerte arealbruken, med føresegner som tek i vare krava til tryggleik.

1.2 Dagens situasjon

Gjennomgang av ortofoto syner at småbåthamna vart etablert i tidsrommet mellom 1978 og 1981.

Anlegget femnar om ca. 120 båtplassar, gjestebrygge, klubbhus med fellesareal/servicefunksjonar og sanitæranlegg, areal for vinteropplag og parkeringsplass. I tillegg er det lagt til rette for oppstilling av 16 bubilar innafor området.

Området er sikra tilkomst via Firdavegen, som er ein samleveg på Ytre Øyrane. Vegen har karakter av å vere tilkomstveg til industriområdet.

Planområdet er frå før av tilknytt det kommunale leidningsnettet via eigne avstikk i Firdavegen. Her ligg ein OV 300, SP 160 og VL 160. Nærmaste brannhydrant ligg ca. 80 meter frå planområdet i luftlinje, i krysset mellom Firdavegen og KV 9900. Ved brann kan òg sjøvatn nyttast ifm. sløkkearbeid i området.

Området har el-forsyning via jordkabel.

Omsynet til renovasjon er ivareteke. Klubben har dunkar og avtale om henting med Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM). I tillegg er det etablert anlegg tilrettelagt for tømning av bubilar.

Det er i området etablert anlegg for distribusjon av drivstoff til fritidsbåtar.



Figur 1.3: Ortofotoet til venstre er frå 1978 og syner situasjonen før småbåthamna vart etablert, medan bildet til høgre syner dagens situasjon med småbåthamn, opplagsareal for fritidsbåtar, parkeringsplassar og oppstillingsplassar for bubilar.

Området på land er prega av tiltak. Det ligg ikkje føre informasjon om registrert naturmangfald eller kulturminne innanfor byggetomta.

Det ligg ikkje føre stadfesta informasjon om ureining, kvalitetar knytt til kulturmiljø og friluftsliv i Nasjonale databasar som direkte vert rørt av den endra bruken. Naturtypen Brakkvannsdelta (BN00026157) er registrert med viktig verdi (B). I Naturbasen er lokaliteten skildra som «liten, og til dels sterkt påverka av ulike inngrep, men blir likevel vurdert som viktig (B-verdi) fordi den inneheld ein sjeldan naturtype med førekomst av truga artar». Lokaliteten vart kartlagt i 2002. I tillegg er fjorden registrert som regionalt viktig gytefelt for torsk (B-verdi). Området er ikkje sikra med omsynssone innanfor planområdet.

I aust avgrensar brua på Rv. 5, Naustdalsvegen, naturtypen brakkvassdelta Løken (BN00026148) som er gjeven verdi svært viktig (A). I området veks m.a. dei raudlista pusleplantane Dvergsivaks (*Ereocharis parvula*, VU) og Firling (*Crassula aquatica*, VU). Dette er små plantar som er avhengige av rett vassutskifting/-overfløyming og fint slam. Vidare er området viktig for våtmarksfugl, både ender og vadarar. I

den sørlege delen av Løken er det ein hekkekoloni med hettemåsar (*Chroicocephalus ridibundus*, VU), ein av dei siste i Sogn og Fjordane. Hettemåsen nyttar per i dag areal nord for hamna til næringsøk.

Førdefjorden er nasjonal laksefjord. Jølstra, som har munningszone noko lengre sør, er lakse- og sjøauførande (Lakseregisteret).

Langs Rv. 5 er det gjort fleire registreringar av framandarten Hagelupin. Registreringane har ulik koordinatpresisjon (artskart.artsdatabanken.no). Ein kan difor ikkje utelukke at det kan vere framande artar i området.

Vassførekomsten Løken er vurdert til å ha eit dårleg økologisk potensial og målet om å nå økologisk god tilstand innan 2027 er ikkje vurdert som realistisk. Påverknaden kjem frå industri, kysttransport (fysisk endring grunna hamneanlegg), avløpsvatn og noko punktforureining (Vann-Nett).

Det er i grunnforureiningsdatabasen ikkje registrert grunnforureining innanfor planområdet. Bruken av arealet med bl.a. vedlikehald av båtar, gjer at ein ikkje kan utelukke at det kan vere ureina massar i området.

1.3 Kort om planprosessen

Det er gjennomført oppstartmøte med kommunen samt undervegs møte.

I oppstartmøtet vart det avklara at planarbeidet ikkje vert fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar. Gjennom varselet om oppstart og innkomne uttaler til varselet er det ikkje kome fram supplerande informasjon som endrar konklusjonen.

I oppstartmøtet vart det særskilt trekt fram at det gjennom planarbeidet måtte rettast fokus mot tema; naturmangfald med fokus på framande artar, nærmiljø/friluftsliv/grøntstruktur samt barn og unge, tilkomst/trafikktryggleik/parkering, vassforsyning/brannvatn, avlaup og renovasjon samt økonomiske verknadar for kommunen/behov for investeringar.

Det er utarbeidd ein enkel illustrasjonsplan som følgjer framlegget.

Bruk av rekkefølgeføresegner samt ev. avklaringa av behov for utbyggingsavtale legg framleggsstillar til grunn vert vurdert av kommunen.

Ovannemnde er svara ut gjennom omtala av dagens situasjon i kap. 1.2, skildringa av planframlegget i kap. 3 og omtala av verknadane av planen i kap. 4 og 5.

Merknadane til varsel om oppstart er kort summert opp og kommentert i eige vedlegg.

2 Planar og føringar for planarbeidet

Det er gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå i tillegg til dei konkrete føringane som kommunen har trekt opp for planarbeidet.

Det overordna lokale plangrunnlaget er:

- Kommuneplanen for Sunnfjord kommune – Samfunnsdelen
- Kommuneplanen for Førde kommune – Arealdelen
- Områdereguleringsplan for Ytre Øyrane

Kommunen jobbar med slutthandsaming av ny arealdel av kommuneplan for Sunnfjord kommune. Det er venta at denne vert vedteken medan planen er til handsaming.

2.1 Nasjonale forventningar

Det ligg føre ei rekkje sentrale føringar som er klarlagt i ulike stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer og statlege planretningslinjer. Desse femnar om ulike nasjonale og regionale mål, bl.a. med omsyn til berekraftig areal- og samfunnsutvikling samt attraktive og klimavennlege by- og tettstadorområder.

Nye nasjonale forventningar vart vedteke 20. juni 2023. Forventingane trekk særskilt fram dei fem overordna perspektiva i 2030-agendaen, sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samfunnstryggleik, beredskap og samarbeid. I tillegg er det retta fokus mot forventningar om effektive planprosessar og tilrettelegging, m.a. for å lukkast med sosial og geografisk omfordeling, grøn omstilling og auka berekraftig verdiskaping.

2.2 Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona

Føremålet med retningslinjene er tydeleggjering av nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet. Retningslinjene legg opp til ei differensiert forvaltning. Sunnfjord kommune er plassert i sone 3, dvs. kategorien av kommunar der presset på arealet er mindre, og retningslinjene trekk for desse områda opp ein noko meir «tilpassa» politikk enn i område med stort utbyggingspress i strandsona.


2.3 Lokale føringar – planstatus

Kommuneplanen legg dei overordna føringane for utvikling av arealbruken. I kommuneplanen er området avsett til noverande småbåthamn (VS1).



Figur 2.1: Utsnitt av kommuneplanen for Førde kommune vedteken i 2019 i sak 2019/43 (Planid.: 4647_143220170008). Området avsett til småbåthamn (VS1) er synt med blå farge.

Det er utarbeidd områdereguleringsplan for Ytre Øyrane. Områdereguleringsplanen vart vedteken 26. oktober 2018 og omfattar Ytre Øyrane, frå fjorden i vest til gangvegen langs Rv.5 i aust. Området er i planen regulert til småbåthamn (VS2). Sjå utsnitt av områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane i figur 2.2.



Figur 2.2: Utsnitt henta frå Sunnfjord kommune sitt digitale planregister. Utsnittet syner del av områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane (Planid.: 4647_143220130001).

3 Planframlegget

Planen vidarefører noverande planavklart arealbruk. I tillegg ønskjer Førde båtclubb å legge til rette for ei vidareføring av sambruken, der areala på land kan nyttast til oppstilling av bubil, når areala ikkje vert nytta til båtopplag/parkering. Formålet er ei meir effektiv utnytting av private og offentlege investeringar i veg, vatn, avlaup samt allereie etablerte sanitærfasilitetar innafor området.

3.1 Vegsystem

Området er knytt saman med det overordna vegsystemet via tilkomst frå riksveg 5 via veg Øyrane og Firdavegen. Området er dimensjonert og sikra tilgjenge for beredskapskøyretøy.

Tilkomstane til området er vidareført frå områdereguleringsplanen Ytre Øyrane. I områdereguleringsplanen er det regulert fortau fram til området. Denne er i planframlegget knytt saman med turvegen inn i området.



Figur 3.1: Ortofototoet syner tilkomst frå Firdavegen til området. Tilkomsten er dimensjonert for lastebil.

3.2 Grønstruktur

Grønstrukturen består av friluftsområde med tilhøyrande turveg gjennom området. Turvegen er knytt opp mot forta langs Firdavegen og er regulert langs fjorden mot Indre Øyrane og undergang under Rv. 5. Turvegen er synt i figur 3.1. Før kommunen opparbeider turvegen langs fjorden er det føresetta at det vert avklara om grunnen der terrengarbeidet skal gjennomførast er ureina.

Turvegen set skiljet mellom småbåthamna som femnar om areala i fjorden med tilhøyrande overgangssone mot land med kai/landfeste og det kombinerte området campingplass/småbåthamn.

3.3 Småbåthamn

Småbåthamna i sjø er etablert. Hamna består av 3 flytebrygger med 120 båtplassar, samt eiga gjestebrygge og to område tilrettelagt for båtopptrekk. Ved gjestebrygga er det etablert anlegg for distribusjon av drivstoff til fritidsbåtar.



Figur 3.2: Ortofototet syner turvegen samt småbåthamna i fjorden med flytebrygge og landfeste.


Dekka i ramper og trapper er utført i stål og tre med flytebrygger/bølgebrytarar i betong. Området inn mot land er plastra med stein/kai.

3.4 Kombinert formål campingplass/småbåthamn

I området ved gjestebrygga er det etablert servicefunksjonar med sanitæranlegg, klubbhus, anlegg for distribusjon av drivstoff og tømning av avløp/avfall etablert. Denne delen av planområdet er retta mot gjestar og publikum/brukarar og ligg på kote + 2,0. Som resten av området, vil òg denne delen av området verte overflødd ved ekstreme vørsituasjonar.

Arealet aust for klubbhuset har asfaltet dekke på kt. + 1,5 til kt. + 1,8. Arealet vert nytta til parkering og vinteropplag av båtar. Sidan 2019 har arealet vore nytta som oppstillingsplass for 16 bubilar.

For å betre branntryggleiken på campingplassar, blei det 1. mars 2022 innført nye krav til parsellinndeling og etablering av brannveggar, jf. plan- og bygningslova § 28-9 og teknisk forskrift TEK17 §11-6. Sjå utdrag frå byggtknisk forskrift med rettleiing nedanfor.



Figur 3.3: Figur som syner prinsipp for inndeling i campingeining og parsell på inntil 1.200 m med branngate (Kjelde: TEK17 og rettleiing til § 11-6) .


Det er føresett at området framover får ei organisering som tek i vare dei nye brannkrava i TEK17 § 11-6 som vart konkretisert og gjort gjeldande i 2022.

Dei nye reglane føreset at største storleik på campingeining ikkje skal overskride 75 m² og ei høgd på 4 meter. Avstanden mellom campingeinigane skal vere minimum 4 meter. Kvar parsell skal ikkje overskride 1.200 m². Minimum breidd på branngata skal vere 8 meter.

Det er ikkje lagt opp til særskilde krav knytt til verke sykkel eller bilparkering.

Førde båtclubb har fast henteordning på avfall med Sunnfjord Miljøverk IKS.

Planen føreset at det innafor området kan etablerast anlegg/uttak for lading av både bil, bubil og fritidsbåtar.



Figur 3.4: Ortofototet syner turvegen samt det kombinerte arealet på land med oppstillingsplassar for bubilar. Omsynet til brannvern er ivareteke slik som plassane er skissert over.

Det vert ikkje opna for vesentleg ny bygningsmasse i området. Eksisterande bygg inngår i planen.

3.5 Arealbruk

Tabell 3.1: Oversikt over arealbruk og areal. Omsynssoner er ikkje tekne med i arealoversikta.

Hovudføremål	Føremål	Areal
Bygningar og anlegg		
	Kombinert campingplass/småbåthamn	5,6 daa
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur		
	Køyreveg	0,3 daa
	Anna veggrunn	0,0 daa
Grøntstruktur		
	Turveg	0,6 daa
	Friområde	0,1 daa
Bruk og vern av sjø og vassdrag		
	Småbåthamn	12,6
Totalt		19,2 daa

3.6 Omsynssoner

Ved sida av arealbruksformåla er det i planen sett av omsynssoner. Sonene synleggjer omsyn som må ivaretakast/følgjast opp. Omsynssonene i denne planen er sikringszone, faresone.


3.7 Sikringszone - frisikt

I avkøyrsla mot kommunevegen/Firdavegen er det lagt inn frisiktlinjer.

3.8 Grense for støysoner

Retningsline T-1442/2021 for behandling av støy i arealplanlegging har som formål å førebygge støyplager. Retningslina er rettleiande og ikkje rettsleg bindande. Hovudmålet er at støynivået skal vere under 55 dB på uteplass eller utanfor rom med støyfølsam bruk.

Området er lokalisert og utsett for støy frå både Rv. 5 og småbåthamna. Det er utarbeidd støysonekart med støysoner langs Rv. 5. Det er ikkje utarbeidd tilsvarande kart for småbåthamna, men omsynet er føreset avklara i samband med planlegginga og etableringa av bustadane i dei tilgrensande områda.



Figur 3.5: Figuren syner avgrensing av gul (H220) og raud støyzone (H210).

I følgje retningslina for behandling av støy i arealplanlegging, gjeld følgjande støysoner:

- Gul sone: Ei vurderingszone kor busetnad med støyfølsame bruksformål kan oppførast dersom avbøtande tiltak tilfredsstillar grenseverdiene til tilsvarande støyforhold.
- Raud sone: Nærmast støykjelda og angjev eit område som ikkje er eigna til støyfølsame bruksformål, og etablering av ny busetnad med støyfølsam bruksformål skal unngåast.

Planen legg ikkje til rette for nye tiltak som fell innanfor det som vert definert som «støyfølsame» bruksformål i rundskriv T-1442/2021. Føresegnene i TEK17 tek i vare omsynet til støy innomhus.

3.9 Faresone – flaum og bølge

Det er liten høgdeskilnad i planområdet. Det meste av arealet på land ligg mellom kote + 1,5 og + 2,0. Det lågaste området femnar om arealet for vinteropplag av båt samt oppstillingsplassar for bil/bubil.

Nivået for stormflo ligg over nivå for flaum. Figur 3.6 syner områda som er utsett for stormflo i tryggingssklasse F2 (for år 2090). Data frå DSB syner at stormflo i klasse F2 (200-års returintervall) vil kunne føre til at areal opp til kote +2,3 (NN2000) kan verte råka av hending. Det er av omsyn til den etablerte arealbruken ikkje vurdert som aktuelt med heving/oppfylling av terrenget. Gjennom føresegnene er det sett krav om beredskap for å unngå tap av samfunnsverdiar.

Det er ikkje teke omsyn til effekten av bølgeoppskyljing. Området er skjerma og i praksis sikra med bølgebrytarar i form av småbåtanlegget.



Figur 3.6: Figuren syner delar av faresona for stormflo (H320).

4 Verknadar av planframlegget

Planframlegget vidarefører noverande arealbruk samtidig som den legg til rette for vidareføring av sambruken på land med både vinteropplag av fritidsbåtar, bubilparkering og parkering. Det nye elementet i plana er sikring av areal til turveg gjennom området langs fjorden. Turvegen er knytt opp mot grøntstrukturen på Indre Øyrane.

4.1 Arealbruk og trafikk

Arealbruken i fjorden er direkte vidareført som småbåthamn. På land er føremåla campingplass og småbåthamn kombinert.

Området har tilkomst frå Rv. 5 *Naustdalsvegen* via veg Øyrane og Firdavegen. Området er knytt opp til regulert samferdsleanlegg i områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane. Samferdsleanlegga består av veg med tilhøyrande fortau. Anlegga er dimensjonert for vogntog. Regulerte anlegg i områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane er sikra opparbeidd gjennom områdereguleringsplanen.

Fortauet er knytt opp mot regulert turveg som går gjennom området, langs fjorden og er kopla saman med grøntstrukturen på Indre Øyrane.

Talet på oppstillingsplassar er avgrensa. Endringane som planen legg til rette for vil ikkje påverke vesentleg trafikken til/frå området.

4.2 Landskap

Planen opnar ikkje for nye bygg/tiltak i fjorden ut over det som er naudsynt for å etablere den gjennomgåande turvegen.

Turvegen ligg i overgangen mellom sjø og land og er føresett lagt lett i terrenget innanfor den steinsatte overgangen mot fjorden. Endringane som planen legg til rette for er vurdert å ikkje få vesentlege landskapsmessige konsekvensar.

4.3 Naturressursar

Arealet omfatta av eksisterande småbåthamn er registrert som gyteområde for torsk. Bruken og verknaden for naturressursar i området er ei direkte følge av tidlegare planavklart og noverande bruk i områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane.


4.4 Naturmangfald

Det er registrert naturmangfald delvis innafør og nær planområdet. Figur 4.1 gjev oversikt over naturmangfald (farga sirklar), samt punkt med registrerte framande artar (grøn firkant). Løken er markert med grøn skravur og er kartlagt som naturtypen brakkvassdelta med svært viktig verdi.

Heile Løken (nær planområdet) er i Naturbasen til Miljødirektoratet avgrensa som eit brakkvassdelta og er gjeven stor verdi (A). Av dei viktigaste kvalitetane ved Løken er førekomsten av raudlista pusleplantar som Firling (VU) og Dvergsivaks (VU).

I tillegg er våtmarka langs Løken ein opphaldsstad for fugl. Det vart i 2018 registrert 84 ulike artar av fugl i området. Ei rekke av desse er raudlista etter siste versjon av raudlista. Dette gjeld mellom anna 10 trua artar (Hettemåse (CR), Sandsvale (VU), Fiskemåke (VU), Tjeld (VU), Storspove (EN), Grønnfink (VU), Gråmåke (VU), Sothøne (VU), Gulspurv (CV) og Vipe (CR)) og fem nær trua artar (Rødstilk (NT), Gråspurv (NT), Havelle (NT), Taksvale (NT) og Stær (NT)). Talet på registrerte trua artar er frå 2018 til 2022 endra frå 2 til 10. Årsaka er endra status for ei rekke av dei registrerte artane i den reviderte raudlista.

Mindre del av planområdet i fjorden er lokalisert innanfor Brakkvannsdelta (BN00026157), med verdi viktig (B). Lokaliteten vart kartlagt i 2002. Arealbruken med omsynssoner er direkte vidareført frå områdereguleringsplan for Ytre Øyrane som vart vedteken i 2019.



Figur 4.1: Kartet syner med sirkel observasjonar av trua artar, nær trua artar og ansvarsartar. Grøn firkant syner framande artar. Naturtypen brakkvassdelta (Løken) er markert med grøn skravur (Kjelde: Artsdatabanken).

Verknadane for naturmangfold er ei direkte følge av dei prioriteringane som vart gjort ved godkjenning av områdereguleringsplanen for høvesvis Ytre Øyrane (2018) og Indre Øyrane (2019).

Det er ikkje registrert framande artar i planområdet. Planområdet på land består i stor grad av harde og tette flater og grøntområde som vert skjøtta som plen. Langs vegkanten på Rv. 5 er det gjort registreringar av framande artar. Ein kan difor ikkje utelukke at det kan vere framande artar i området langs Rv. 5. Omsynet er følgt opp gjennom krav til dokumentasjon på at massane er frø og plantefrie ved ev. gjenbruk.

Areala på land består hovudsakleg av harde flater som er steinsett/asfaltet. Det er ikkje opna for tiltak som føreset at massar vert teke ut og som vil utgjere ei fare for spreing av framande artar.

4.5 Kulturmiljø

Det ikkje registrert kulturminne innanfor planområdet.

4.6 Nærmiljø/friluftsliv

Regulert grøntområde lags fjorden er vidareført i planen. Det er føreslått etablert ein gjennomgåande turveg langs fjorden som er knytt til regulert turveg og fortau i den vestlege delen av planområdet.

Området er ikkje særskilt tilrettelagt for barn og unge med leik/aktivitetsområde. Nærmaste større tilrettelagte område for barn og unge finn ein på Indre Øyrane, der det er under utbygging ein større offentleg leikeplass/uteopphaldsareal.

4.7 Vatn, avlaup og overflatevatn

Området er tilknytt det offentlege vass- og avlaupsnett. Den kommunale vassleidningen i Firdavegen har kapasitet til uttak av sløkkevatn. Det er ikkje etablert brannvassuttak i området. Nærmaste uttak (hydrant) ligg ca. 80 meter frå planområdet i krysset mellom Firdavegen x veg Øyrane.

Overflatevatn vert handtert via lokalt system via sandfang før utslepp til resipient/fjorden. Handsaminga av overflatevatn er ivareteke gjennom i føresegnene.

Det er lagt til grunn at det ved planlegging/dimensjonering av ope system for handtering av overvatn/overvassanlegg vert teke omsyn til framtidige klimaendringar/stormflo/bølge.

4.8 Renovasjon

Småbåthamna har etablert system og avtale om henting av avfall med Sunnfjord Miljøverk IKS.

4.9 Energi

Området har straumforsyning. Det er ikkje motteke informasjon om at kapasiteten må utvidast som følgje av planlagt tiltak.

4.10 Støy og forureining

Den største støykjelda er trafikk. Det ligg ikkje føre støyvurdering for småbåthamna. Planen legg ikkje til rette for støyfølsam arealbruk. Utreiinga av raud og gul støysone frå vegtrafikken på Rv. 5 er innarbeidd som omsynssone i reguleringsplanen.

Småbåthamna blei etablert på slutten av 1970-talet. Aktiviteten/bruken har vorte utvida. Det er ikkje avdekt informasjon i nasjonale databasar om forureina grunn. Ut frå noverande bruk kan ein ikkje utelukke forureining. I samsvar med forureiningsforskrifta kap. 2 er det innarbeidd føresegner som tryggjer at det vert gjennomført undersøkingar og ev. utarbeidd tiltaksplan før det vert gjeve løyve til tiltak innanfor området.

4.11 Eigedomstilhøve og rettar

Det har gjennom varsel om oppstart ikkje kome inn informasjon om eigedomstilhøve/rettar av betydning for utforminga/gjennomføringa av planen.

4.12 Økonomiske konsekvensar

Båtklubben skal utvikle området. Naudsynt infrastruktur er etablert. Det er føresett at kommunen etablerer den framtidige turvegen langs fjorden.

5 Vurdering mot omsyn og føringar for planarbeidet

Gjennom planomtala skal det i tillegg til vurderinga av verknadar, gjerast ei vurdering opp mot ulike forvaltningskriterium/myndigheitskrav og om arbeidet bygger opp om utviklingsmål.

5.1 Risiko og sårbarheit

Planområdet står generelt fram, med dei tiltaka som er skildra i planframlegget, som lite til moderat sårbart.

Reguleringsplanen legg ikkje til rette for oppføring av ny bygnad eller vesentleg endring av terrenget. Farane er i hovudsak knytt til eksisterande situasjon slik den er i dag.

Det er gjennomført ein innleiande fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering av dei temaa som gjennom fareidentifikasjonen stod fram som relevante. Følgjande farar er vurdert:

1. Brann/eksplosjon på campingplassen/småbåthamn
2. Kjemikalieutslepp - større utslepp av ammoniakk
3. Grunntilhøve – område lokalisert under marin grense
4. Havnivåstigning, flaum og stormflo
5. Trafikktryggleik
6. Farleg gods

Det skal ikkje etablerast nye bygg som følgje av dette planarbeidet, men planområdet og eksisterande byggverk er utsett for flaum som følgje av stormflo. Området er vurdert som moderat til svært sårbart for stormflo der det er opna for kortidsoppstilling av bubil, parkering og vinteropplag av fritidsbåtar. Det er difor utført ei risikoanalyse der det er avdekt uakseptabel risiko.

Følgjande tiltak er foreslått for at risikoen skal vere akseptabel:

Ved bruk av arealet på land som er regulert til kombinert småbåthamn/campingplass må det i periodar der det pågår camping, etablerast ein beredskapsplan med varslings- og evakuering som kan iverksettast når vêrvarselet tilseier behov for evakuering av området og ev. stenging i forkant av hendingar.

Området er i tillegg vurdert opp mot krav til tryggleik mot brann på campingplassar. Tiltak som er foreslått gjennomført gjennom fareidentifikasjonen og sårbarheitsvurderinga, er samanfatta i kap. 4.1 i ROS-analysen og er føresett følgt opp gjennom den vidare utviklinga/bruken av området.

Det er identifisert følgjande risikoreduserande tiltak:

Fare/risikomoment	Sårbarheits- og risikoreduserande tiltak
Havnivåstigning og stormflo	Store delar av planområdet har terrenghøgder mellom kote 0 og 2. Det inneber at områda vil bli oversvømde ved dimensjonerande stormflo med 200 års returperiode og estimert havnivå for år 2090 (F2 ≈2.2 m NN2000). Ved bruk av småbåthamna/campingplassen til kortvarig opphald med bubil, må det etablerast ein beredskapsplan med varslings- og evakueringsrutinar som kan setjast i verk i situasjonar der vêrvarselet tilseier behov for evakuering av campingplassen og stenging i forkant av hending.
Brann/eksplosjon på campingplassen	Plassen må omorganisast for å ta i vare nye myndigheitskrav i § 11-6 i TEK17.
Hendingar ved transport av farleg gods på Rv. 5	Heile planområdet er lokalisert innanfor sone på 300 – 500 meter frå Rv. 5. Det kan ikkje leggast fram tiltak som bidreg til lågare

	risiko for ulykker på nærliggande transportårer som er kost-/nyttmessig tenleg, utover å ha ein forsvarleg beredskap hjå naudetatane.
--	---

5.2 Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova femnar om all natur og alle sektorar som forvaltar natur eller som fattar vedtak som kan ha konsekvensar for natur. Gjennom lova er det, bl.a. innført forvaltningsmål for naturtypar og artar, krav til kunnskapsgrunnlag og rettslege prinsipp for natur (føre-var, samla belasting m.m.).

Formålsparagraf (§ 1) i lova har følgjande ordlyd:

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Av § 8, første leidd i naturmangfaldslova går det fram at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitskapeleg kunnskap om artar sin bestandsituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand samt effekten av påverknad.

Området regulerer areal inn i og over naturtypen brakkvannsdelta (BN00026157), som er registrert med viktig verdi. Det vart gjennomført kartlegging av naturmangfald ved utarbeiding av områdereguleringsplan for Ytre Øyrane, men vi finn ikkje informasjon om brakkvasdeltaet i utgreiinga som følgde planen. For naturmangfald er heile området i fjorden gjeven stor verdi. Det ligg ikkje føre informasjon om planlagde tiltak innanfor deltaet.

Det følgde ikkje områdereguleringsplanen Ytre Øyrane kunnskap om kvalitetar i denne konkrete delen av fjorden. Kvalitetane i området blei registrert i 2002. Ein legg til grunn at aktiviteten på fjorden ikkje vert endra som følgje av at det vert etablert tursti langs fjorden - med tilhøyrande auka menneskeleg aktivitet.

Føre-var-prinsippet og kostnadar etter §§ 9 og 11 i naturmangfaldslova er vurdert til å vere aktuelt ved ev. tiltak i fjorden. Det er grunna i at registreringa av biologisk mangfald er frå 2002. Standarden for kartlegging er endra. I tillegg er statusen til artar endra. Det bør difor gjennomførast kartlegging som del av arbeidet med detaljprosjektering og ev. utviding av småbåthamna i fjorden. Formålet er å avgrense ev. negativ påverknad.

Omsynet til miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar etter § 12 i naturmangfaldslova bør ivaretakast med utgangspunkt i supplerande kartlegging av naturmangfald i fjorden.

Norconsult Norge AS har utarbeidd planen for framleggsstillar. Framleggsstillar og ansvarleg for planen er Førde båtclubb. Førde båtclubb er framleggstillar og driftar av område. Ansvar for opparbeiding av tursti er ikkje avkalrt..

5.3 Prinsippa i vassforskrifta

Det økologiske potensialet til vassførekomsten Løken er klassifisert som dårleg. Målet for vassførekomsten er god miljøtilstand innan 2027. Tilstanden er grunna i påverknad frå industri, kysttransport, avlaupsvatn og punktutslapp (vann-nett.no).

§ 12 i vassforskrifta er retta mot ny aktivitet/tiltak i vassførekomsten og klargjer rammer for vassforvaltning, og trekk opp føringar for kva vurderingar som skal gjerast dersom; (1) miljømål ikkje vert nådd eller (2)

tilstanden vert forringa. Vurderinga skal gjerast når det skal fattast vedtak om ny aktivitet eller inngrep i ein vassførekomst som kan føre til at miljømåla ikkje kan nåast eller at tilstanden vert forringa. Rammene for tiltaka som detaljreguleringsplanen opnar for med, bl.a. småbåthamn med tilhøyrande parkering og båtopplag vart regulert i områdereguleringsplanen Ytre Øyrane, vedteken i 2018.

Arealbruken med unntak av turvegen langs fjorden er planavklart i områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane. Tiltaka som femnar om turveg synest ikkje å vere særskilt vurdert opp mot potensielle kvalitetar gjennom arbeidet med verken områdereguleringsplanen eller kommuneplanen som er til slutthandsaming i kommunen. Opparbeiding/framføring av turvegen er i planframlegget trekt tilbake frå strandlinja inn på steinsett/asfaltert areal for motorvogn/vinteropplag av fritidsbåt. Opparbeiding krev moderate tilpassingar og vil ikkje påverke vassførekomsten. Planen legg ikkje til rette for ny aktivitet/tiltak i vassførekomsten.

5.4 Regimet for å ta vare på nasjonale laksefjordar

Føremålet med laksefjordar er å gje eit utval av dei viktigaste laksebestandane i Noreg eit særskilt vern. Regimet skal sikre at det ikkje vert gjennomført nye tiltak som kan vere til skade for laksen.

Tiltaka som planen opnar for i strandsona er ei direkte vidareføring av arealbruken i vedteken områdereguleringsplan samt framlegg til ny kommuneplan. Konsekvensane er difor ein direkte konsekvens av vedtak/lokale prioriteringar. Det ligg ikkje føre informasjon som indikerer at anlegget kjem i konflikt med regimet for forvaltning av nasjonale laksefjordar.

5.5 Statlege retningslinjer for forvaltning av strandsona

Sunnfjord kommune er kategorisert som ein kommune med «mindre press på areal». Tiltaket skal gjennomførast innanfor 100-metersbeltet.

Av retningslinjene går det fram at utbygging bør skje i område som tidlegare er bygd ut. Tiltaka innanfor strandsona er direkte vidareført frå vedteken plan.

5.6 Økonomiske konsekvensar

Vedteken områdereguleringsplan for Ytre Øyrane femnar om store areal og ei rekkje infrastrukturtiltak som skal vere opparbeidd/sikra opparbeidd. Formål og rekkefølgeføresegnar er direkte vidareført frå områdereguleringsplanen.

Kommunen har starta arbeid med å få på plass ei utbyggingsavtale som skal trygge at framtidig offentleg/offentleg tilgjengeleg infrastruktur vert etablert. Det er føresett at valt verkemiddel/gjennomføringsmodell skal vere med å bidra til at utbyggingspotensialet i områdereguleringsplanen kan realiserast, samt at naudsynte investeringar vert fordelt på ein høvesmessig måte.

5.7 Oversikt over avbøtande og risikoreduserande tiltak

Omsynet til naturmangfald i fjorden bør følgjast opp som del av arbeid med tiltak langs fjorden (tursti) samt ved ev. utviding av anlegget i fjorden. Dette er føresett følgt opp gjennom føresegnene til planen.

Småbåtanlegget i sjø er ei potensiell støykjelde. Det er etablert bustadar/bygnad var for støy både nord og sør for området. Støy frå anlegget bør kartleggast før det vert opna for oppføring av ny bygnad som er var for støy.

Vedlegg A; Merknadar til varsel om oppstart av planarbeidet

Varsel om oppstart av planarbeid *Detaljregulering for Førde småbåthamn, gbnr. 21/595* blei sendt på høyring den 21. april 2023, med frist for uttale innan 21. juni 2023.

I varselet om oppstart blei det opplyst at planarbeidet verken ville ha vesentlege verknadar i høve miljø og samfunn, eller utløyse krav om konsekvensutgreiing (KU), jf. forskrift om konsekvensutgreiing.

Det kom i alt inn 4 uttaler til varselet om oppstart. Uttalene og våre kommentarar er summert opp i tabellen under.

Avsendar	Uttale	Kommentar/vurdering
Statens vegvesen Region Vest	<p>Viser til tilkomst til området. Konkrete innspel til det føreståande arbeidet er å sjå til at det vert etablert trafikk sikre løysingar særskilt knytt til fasar der bubilane skal parkere på, eller forlate oppstillingsplassane. Viser til situasjonar der bubilane må rygge ut i areal der det ferdast gåande og syklande i alle aldrar.</p> <p>Planlegginga må ta omsyn til ordinære drift og vedlikehaldsoppgåver (renovasjon og reinhald av areal) og det må kartleggast kva tenesteyting som skal leverast til småbåthamna og campinga for å sikre at det skjer på ein trafikk sikker måte.</p> <p>Utforminga av trafikale løysingar må vere i samsvar med SVV sine vegnormalar.</p> <p>Planen må vise byggegrense på minimum 15 meter frå vegmidte av Rv. 5.</p>	<p>Det er lagt til grunn at 16 bubilar skal kunne stillast opp innanfor området.</p> <p>Desse er føresett stilt opp mellom tilkomstvegen til småbåthamna og planlagt turveg langs hamna. Ved oppstilling vil bilane ferdast på tilkomstvegen til hamna, og ikkje på arealet som er føresett tilrettelagt for mjuke trafikantar langs hamna.</p> <p>Området er allereie tilrettelagt for planlagt bruk, då Førde båtklubb dei fire siste åra har drive med formidling av oppstillingsplass for bubilar i samsvar med dispensasjon gjeve av kommunen.</p> <p>Vidareføringa av bruken vil ikkje påverke drifta og/eller behovet for tenesteyting. Omsynet til trafikktryggleik er føresett teke i vare med dei løysingane som følgjer av planen.</p> <p>Byggegrense på 15 meter mot vegmidte på Rv. 15 er sikra.</p>
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	<p>Generelt om NVE si sektormynde og saks- og motsegnkompetanse.</p> <p>Vidare er det gjeve informasjon om relevant informasjon og rettleiarar som kan takast i bruk i planarbeidet.</p>	<p>Generell uttale.</p> <p>Det er ikkje gjeve opplysningar om konkrete omsyn innanfor NVE sitt saksområde/-mynde som er venta å påverke planarbeidet.</p>
Statsforvaltaren i Vestland (SFVL)	<p>Viser til oppstartsvarselet der det går fram at turistformål (bubilparkering) er i strid med overordna plan.</p> <p>SFVL legg til grunn at planomtalen omhandlar dei temaa som går fram av referatet frå oppstartsmøtet og at planen og utbygginga tek opp i seg nødvendige tilpassingar og avbøtande tiltak knytt til både miljø- og samfunnstema og ROS.</p> <p>Ser det som viktig at oppstillingsplassane for bubil ikkje gjev negative verknadar for</p>	<p>Planen legg til rette for ein utvida bruk av arealet som i overordna plan er føresett nytta til aktivitet tilknytt småbåthamna, m.a. parkering.</p> <p>Planomtalen omhandlar temaa som er vurdert som relevante for tiltaka som planen skal legge til rette for.</p> <p>Tilpassingar og framlegg til avbøtande tiltak knytt til miljø- og samfunnstema og ROS følgjer av planomtalen.</p> <p>Bubilparkeringa er ikkje vurdert til å gje negative verknadar for turvegen slik</p>

	realiseringa av turvegen (viktig vurderingstema i planomtalen) og at det i planarbeidet vert regulert inn tilstrekkeleg areal til ein funksjonell turveg nærast sjøen.	planframlegget ligg føre. Omsynet til turvegen er føresett ivareteke.
Vestland Fylkeskommune (VLFK)	Fylkeskommunen legg til grunn at planarbeidet sikrar god og trafikktrygg kopling mellom turvegen nordvest i planområdet. Viser til retningslinje 5.1 i Regional vassforvaltningsplan – der grøne drag og restareal langs vassdrag takast vare på for å ivareta verdifulle kvalitetar knytt til vassdragskvalitet, biologisk mangfald, landskapsøkologiske korridorar og landskapselement. Det er lagt ved uttale frå Bergen sjøfartsmuseum. Muséet viser til plikt om stans og varsling ved ev. funn i området og Lov av 9. juni 1978 n. 50 om kulturminne. Det er ingen merknadar frå VLFK i høve samferdsel.	Det er lagt til rette for trafikktrygg kopling mellom turvegen nordvest i planområdet. Turvegen er føresett etablert på delar av arealet som i dag ligg mellom området som vert nytta til båtopplag og småbåthamna. Sjå figur 3.1. Turvegen vil bidra til betre tilgjenge langs sjøen/hamna og vert liggande som ein buffer mot areala avsett til småbåthamn. Føresegn knytt til stans og varsling grunna funn er lagt til i planføresegnene.